



**NIBIO**

NORSK INSTITUTT FOR  
BIOØKONOMI

# Klimagassutslepp frå gardsdrifta på Mære landbruksskole og aktuelle tiltak for å redusere utsleppa

«Nullutslippsgården Mære»

NIBIO RAPPORT | VOL. 7 | NR. 39 | 2021



Synnøve Rivedal<sup>1</sup> Ilevina Sturite<sup>1</sup> Bente Aspeholen Åby<sup>2</sup>

<sup>1</sup>NIBIO avdeling Fôr og husdyr, <sup>2</sup>NMBU

**TITTEL/TITLE**

Klimagassutslepp frå gardsdrifta på Mære landbruksskole og aktuelle tiltak for å redusere utsleppa.

**FORFATTER(E)/AUTHOR(S)**

Synnøve Rivedal, Ievina Sturite, Bente Aspeholen Åby

<b>DATO/DATE:</b>	<b>RAPPORT NR./ REPORT NO.:</b>	<b>TILGJENGELIGHET/AVAILABILITY:</b>	<b>PROSJEKTNR./PROJECT NO.:</b>	<b>SAKSNR./ARCHIVE NO.:</b>
05.05.2021	7/39/2021	Open	52058	20/00665
<b>ISBN:</b>	<b>ISSN:</b>	<b>ANTALL SIDER/ NO. OF PAGES:</b>	<b>ANTALL VEDLEGG/ NO. OF APPENDICES:</b>	
978-82-17-02788-1	2464-1162	35		

**OPPDRAAGSGIVER/EMPLOYER:**Trøndelag fylkeskommune v/Mære  
landbruksskole**KONTAKTPERSON/CONTACT PERSON:**

Tove Jystad

**STIKKORD/KEYWORDS:**

Husdyrgjødsel, storfe, lystgass, metan, fangvekst

Manure, cattle, nitrous oxide, methane, catch  
crop**FAGOMRÅDE/FIELD OF WORK:**

Jordbruk og klimagassutslepp

Agriculture and GHG-emissions

**SAMMENDRAG/SUMMARY:**

Gardsdrifta på Mære landbruksskole er kartlagt og effekt av tiltak for å redusere klimagassutslepp rapportert innanfor jordbrukssektoren er estimert. Utvida samandrag finn ein på side 4-5.

**LAND/COUNTRY:**

Norge

**FYLKE/COUNTY:**

Trøndelag

**KOMMUNE/MUNICIPALITY:**


Steinkjer

**STED/LOKALITET:**

Mære

**GODKJENT /APPROVED**

MATS HÖGLIND

**PROSJEKTLEDER /PROJECT LEADER**

SYNNØVE RIVEDAL

**NIBIO**NORSK INSTITUTT FOR  
BIOØKONOMI

# Føreord

Denne rapporten er utarbeidd som del av oppdraget «Utredning av mulige tiltak og effekter av tiltak for å redusere klimagassutslipp fra gårdsdriften ved Nullutslippsgården Mære» på oppdrag av Trøndelag Fylkeskommune. NIBIO har hatt ansvar for oppdraget og NMBU har vore underleverandør. Synnøve Rivedal (NIBIO) har vore prosjektleiar og hatt ansvar for klimagassutslipp frå jordbruksareal ført under jordbrukssektoren (lystgass og metan). Ievina Sturite (NIBIO) har bidratt med utrekningar og vurderingar i forhold til karbonbalanse på jordbruksareal. Bente Aspeholen Åby (NMBU) har hatt ansvar for utrekningar og vurderingar av klimagassutslipp frå husdyr, her avgrensa til mjølkeku og ammeku. Forfattarane har ulikt skriftspråk, og ein finn derfor ei blanding av nynorsk og bokmål i rapporten.

Fureneset, 05.05.21

Synnøve Rivedal

# Innhold

Sammendrag .....	5
<b>1 Utslepp frå jordbruksareal og husdyrgjødsel .....</b>	<b>9</b>
1.1 Kartlegging.....	9
1.1.1 Jordart og moldinnhald .....	9
1.1.2 pH og næringsstoff .....	10
1.1.3 Planteproduksjon .....	11
1.1.4 Vekstskifte.....	11
1.1.5 Jordarbeiding, kalking og såmengder.....	11
1.1.6 Registrert gjødsling 2019 .....	11
1.1.7 Avlingar .....	13
1.1.8 Opplysingar brukt i Nitrogenmodellen for husdyrgjødsel.....	13
1.2 Utslepp frå dagens produksjon.....	15
1.2.1 Modellar brukt for å estimere utslepp.....	15
1.2.2 Utslepp frå husdyrgjødsel .....	15
1.2.3 Mineralgjødsel.....	16
1.3 Tiltak for å redusere klimagassutsleppa .....	16
1.3.1 Miljøvennleg spreiemetode .....	16
1.3.2 Tett tak på utandørs lager.....	17
1.3.3 Biogass .....	18
1.3.4 Auka beiting .....	19
1.3.5 Proteinføring.....	19
1.3.6 Fordeling av husdyrgjødsel .....	19
1.3.7 Redusert bruk av mineralgjødsel-N.....	19
1.3.8 Kalking.....	20
1.3.9 Kompostering av organisk avfall .....	20
1.3.10 Karbonbinding.....	21
1.4 Litteraturliste.....	23
<b>2 Utslipp fra storfeproduksjon .....</b>	<b>24</b>
2.1 Melkeproduksjon.....	24
2.1.1 Beregning av klimagassutslipp fra melkeproduksjonen (HolosNor) .....	24
2.1.2 Input til HolosNor.....	25
2.1.3 Klimagassutslipp melkeproduksjon.....	25
2.2 Ammekuproduksjonen .....	27
2.2.1 Beregning av klimagassutslipp fra ammekuproduksjonen (HolosNorBeef).....	27
2.2.2 Input til HolosNorBeef.....	27
2.2.3 Klimagassutslipp fra ammekuproduksjonen .....	29
2.3 Tiltak for å redusere klimagassutslipp fra husdyrproduksjonene på Mære .....	30
2.3.1 Tiltak i melkeproduksjonen .....	30
2.3.2 Tiltak i ammekuproduksjon.....	32
2.4 Litteraturliste.....	35

# Samandrag og tilrådingar

Det er gjort ei kartlegging av gardsdrifta på Mære landbruksskole. Data frå gardsdrifta er brukt til å estimere totale utslepp av lystgass ( $\text{N}_2\text{O}$ ) og metan ( $\text{CH}_4$ ) frå husdyrgjødsel, lystgass frå mineralgjødsel-nitrogen (N) og utsleppsintensitet i mjølke- og ammekuproduksjonen. Utslepp frå husdyrgjødsel er estimert ved hjelp av nitrogenmodellen og metanmodellen for husdyrgjødsel. Nitrogenmodellen er brukt i den nasjonale utsleppsrekneskapen for klimagassar (NIR 2020) medan metanmodellen vil bli tatt i bruk i 2021. Utslepp frå mineralgjødsel er estimert som i nasjonalt utsleppsrekneskap. Utslepp frå mjølkeproduksjonen er rekna ut med HoloNor-modellen og utslepp frå ammekuproduksjonen med HoloNorBeef-modellen. Med dei same modellane er det rekna på effekt av ulike tiltak for å redusere klimagassutsleppet frå gardsdrifta på Mære landbruksskole. Det er usikkerheit knytt til utsleppsfaktorane som ligg i modellane, og i nokon grad til nokre av aktivitetsdata lagt inn i modellane. Ein kan derfor ikkje sjå på estimata som absolutte tal.

## Husdyrgjødsel

Totalt utslepp av lystgass og metan frå husdyrgjødsel på beite, i husdyrrom, frå lager og ved spreiiing på jordbruksareal er estimert til **328 tonn  $\text{CO}_2$ -ekvivalentar per år**. Stripespreiing reduserer tapet av ammoniakk ( $\text{NH}_3$ ) og dei indirekte utsleppa av lystgass frå husdyrgjødsel. Redusert ammoniakktap reduserer behovet for mineralgjødsel-nitrogen og dermed lystgassutslepp frå mineralgjødsel. Dagens praksis på Mære med 100% stripespreiing på åker og 80% på eng gir ein estimert reduksjon av lystgassutslepp på **13 tonn  $\text{CO}_2$ -ekvivalentar per år**, tilsvarande **4%** av totale utslepp frå husdyrgjødsel.

Tett tak på utandørs gjødsellager reduserer utslepp av ammoniakk og metan, men aukar utsleppet av lystgass på grunn av auka skorpedanning. Total effekt på tett tak er estimert til i underkant av **7 tonn  $\text{CO}_2$ -ekvivalentar per år**, tilsvarande **2%** av totale utslepp frå husdyrgjødsel.

Behandling av husdyrgjødsel i biogassanlegg reduserer utslepp av ammoniakk, lystgass og metan. Effekten av å behandle all blautgjødsel i biogassanlegg er estimert til **82 tonn  $\text{CO}_2$ -ekvivalentar per år**, tilsvarande **25%** av totale utslepp frå husdyrgjødsel. Dette inkluderer ikkje eventuell substitusjonseffekt av å erstatte fossil brensel med biogass. Det er dette tiltaket som gjev størst effekt og bør utgreiast vidare i forhold til kostnad.

Tiltak som vil ha positiv effekt, men som ikkje er talfesta er: spreiiing av husdyrgjødsel under gunstige vêrforhold, unngå haustspreiing, fordele husdyrgjødsel på alt areal, men bruke mindre mengder på organisk jord og jord med høgt moldinnhald enn på mineraljord med lågt moldinnhald.

Fastgjødsel og organisk avfall bør utnyttast på ein betre måte enn i dag. Det er ikkje mogleg å estimere effekten av dette, men fleire forskingsprosjekt er i gang for å undersøke kva metodar som gjev best resultat i forhold til klimagassutslepp.

## Mineralgjødsel

Effekt av redusert bruk av mineralgjødsel som følge av redusert ammoniakktap frå husdyrgjødsel inngår i husdyrgjødselutrekningane. Utover dette må ein vurdere korleis dette påverkar avlingane. Auka bruk av kløver i enga er positivt.

## Andre agronomiske tiltak

Det er litt låg pH på ein del av skifta, noko som kan auke lystgassutsleppet. Det er viktig å ha fokus på dette framover i tillegg til å sørge for god drenering, lite jordpakking og gjødsling under gunstige vêrforhold. Auka bruk av beite og redusert proteinfôring kan også vere positivt.

## Karbonbalanse

Ein del av skifta på Mære er organisk jord eller tidlegare organisk jord som no er gått over til mineraljord med høgt moldinnhald. Her er det viktig å minimere omdanninga av det organiske materialet ved å dyrke eng i eit langvarig omløp, gjerne med isåing utan pløying.

På areal der ein dyrkar korn utan eng i vekstskiftet bør ein bruke fangvekstar. Fangvekstane reduserer avrenning av nitrogen og bind CO<sub>2</sub>. På Mære er det estimert ein reduksjon på **11 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per år** ved bruk av fangvekstar på aktuelt areal.

Produksjon av biokol stabiliserer karbonet slik at det blir meir motstandsdyktig mot nedbryting. Levetida i jord kan vere rundt 100 år. Det er aktuelt å produsere biokol av organisk materiale som per i dag ikkje blir nytta på ein god måte. Potensiale for dette er ikkje rekna ut i denne rapporten, men det er fleire prosjekt på gang på Mære rundt produksjon av biokol.

## Mjølkeproduksjon

Klimagassutslepp frå mjølkeproduksjonen vart utrekna med HolosNor-modellen, ein heilskapleg modell som er utvikla for norsk kombinert mjølk- og storfekjøttproduksjon. Utsleppsintensitetane per kg feitt- og proteinkorrigert mjølk (FPKM) i åra 2017-2019 varierte mellom **0,87 og 0,91 kg CO<sub>2</sub>-ekvivalentar**. Dette er litt under gjennomsnittet basert på tidlegare analysar av norske besetningar, og dermed har Mære eit godt utgangspunkt. Aktuelle tiltak for å redusere klimagassutslepp frå mjølkeproduksjonen på Mære er auka grovfôrqualität kombinert med auka mjølkeyting, auka protein% i mjølka, samt bruk av tilsetningsstoff i fôret for redusert metanproduksjon frå vom (per no ikkje kommersielt tilgjengeleg). Eit «best case» scenario der alle tiltak er inkludert kan redusere klimagassutsleppet per kg mjølk med **12%** samanlikna med oppnådd resultat i 2019. Dette tilsvarar eit totalt potensiale for utsleppsreduksjon på rundt **46 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per år**. Auka mjølkeyting krev auka kraftfôrbruk og reduserer behovet for grovfôrareal, noko som må takast med i vurderinga.

## Ammekuproduksjon

Klimagassutslepp frå ammekuproduksjonen vart utrekna med HolosNorBeef-modellen, som er tilpassa til norsk ammekuproduksjon. Klimagassutslepp per kg slakt på Mære (forutsett stabil besetningsstorleik) var **23 kg CO<sub>2</sub>-ekvivalentar**. Dette er lågt samanlikna med tidlegare utrekningar av Hereford-besetningar. Aktuelle tiltak for å redusere klimagassutslepp frå ammekuproduksjonen er auka grovfôrqualität til oksar, høgare tilvekst/slaktevekt, redusert andel dødfødde og kreperte før 180 dagars alder. Potensialet i eit «best case», der alle tiltak (med unntak av høgare slaktevekt) blir kombinerte, er ein reduksjon i utsleppsintensiteten på **9%**. Dette utgjer et potensiale for utsleppsreduksjon på **7 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per år**. I tillegg er redusert innkalvingsalder og bruk av tilsetningsstoff aktuelle tiltak. Estimert effekt av høgste dose med tilsetningsstoff er **11 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per år**.

Tabell 1. Reduksjonspotensial for tiltak innanfor husdyrgjødsel, jordbruksareal, mjølkeproduksjon og ammekuproduksjon og totalt potensial for desse (tonn CO<sub>2</sub>e per år)

Tiltaksområde	Tiltak	Reduksjonspotensial, tonn CO <sub>2</sub> e per år
Husdyrgjødsel og jordbruksareal	Biogass	-82 <sup>1</sup>
	Stripespreiing	-13 <sup>2</sup>
	Fangvekstar	-11 <sup>1</sup>
	Tett tak gjødsellager	-7
Mjølkeproduksjon	Økt protein%	-2
	Betre grovfôr, konstant yting	-14
	Betre grovfôr, økt yting	-22
	3-NOP	-27
	"Best case"	-24
	"Best case" +3-NOP <sup>3</sup>	-46 <sup>1</sup>
Ammekuproduksjon	Dødfødsjar 0%	-2
	Kreper 180 dagar 0%	-4
	Betre grovforkvalitet	-6
	"Best case"	-7 <sup>1</sup>
	Auka slaktevekt/alder oksar	-4 <sup>1</sup>
	3-NOP låg dose	-2
	3-NOP høg dose	-11 <sup>1</sup>
<b>Totalt reduksjonspotensial</b>		<b>161</b>

<sup>1</sup>Inngår i totalt reduksjonspotensial, <sup>2</sup>Allereie i bruk, <sup>3</sup>3-nitrooxypropanol (enzym-hemmar)

### Total utsleppsreduksjon

Tabell 1 syner eit totalt potensial for utsleppsreduksjon for dei tiltaka som let seg kombinere på rundt 160 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per år. I dei modellane vi har brukt for utrekning har vi ikkje kunne rekna ut dei totale utsleppa på Mære, og vi kan derfor ikkje estimere ein prosentvis reduksjon. For å sette potensialet for utsleppsreduksjon inn i ein samanheng kan vi samanlikne med NLR sine utrekningar ved bruk av klimakalkulatoren. Her er dei totale utsleppa frå planteproduksjon, mjølk og gris rekna til rundt 1450 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per år. I klimakalkulatoren inngår utslepp frå innsatsfaktorar og karbonbalanse i jord, men utsleppa frå ammeku, sau og hest er ikkje med. Inkluderer vi utslepp frå ammeku, som er estimert til rundt 90 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per år i vår utgreiing, blir totale utslepp eksklusiv sau og hest på rundt 1550 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar.

## **Prioritering av tiltak**

### **1. Betre grovfôrkvalitet**

Betre grovfôrkvalitet vil redusere metanutslepp frå mjølkeproduksjon og ammekuproduksjon med totalt rundt 20 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per år rekna ut frå produksjonsvolumet i 2019.

### **2. Stripespreiing av husdyrgjødsel**

Halde fram med dagens praksis med stripespreiing av husdyrgjødsel har ein effekt på rundt 13 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per år.

### **3. Fangvekstar i korn**

På areal der korn ikkje vert dyrka i vekstskifte med eng bør det brukast fangvekst. Effekten er estimert til rundt 11 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per år.

### **4. Andre agronomiske tiltak**

Tiltak som ein ikkje klarer å estimere utsleppsreduksjonar for er likevel viktige. Døme på dette er god utnytting av husdyrgjødsel og anna organisk materiale, optimal pH, god drenering og lite jordpakking. Tiltaka bør uansett gjennomførast og vil ha effekt på klimagassutsleppa.

### **5. Andre tiltak i ammekuproduksjonen**

Ingen dødfødde eller kreperte kalvar før 180 dagar bør vere ei målsetting. Dette er estimert til ein reduksjon på rundt 6 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per år.

### **6. Biogassanlegg for husdyrgjødsel**

Biogassanlegg for husdyrgjødsel er tiltaket som har størst effekt i våre utrekningar med rundt 82 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per år. Tiltaket bør utgreiast nærmare i forhold til kostnad og effekt.

# 1 Utslepp frå jordbruksareal og husdyrgjødsel

## 1.1 Kartlegging

Oppdraget starta med eit besøk på Mære landbruksskole juni 2020 for å kartlegge ulike forhold som var nødvendige for å rekne på klimagassutslepp. I forkant av besøket vart det sendt ut eit skjema der ulike data skulle fyllast inn. Vi fekk tilgang til husdyrkontrolldata og data i skifteplan m.m. Det har elles vore kontakt mellom prosjektgruppa og tilsette på Mære med utveksling av ulike data.

### 1.1.1 Jordart og moldinnhald

Jordart og moldinnhald varierer i følgje jordanalysane analysert hos Eurofins mykje mellom ulike skifte på Mære (Tabell 1.1 og Figur 1.1).

Tabell 1.1. Oversikt over skifte med same jordart og moldklasse og pH for dei ulike skifta

Jordart	Skifte	Moldklasse	Utrekna pH-verdi
Siltig mellomsand	1 Kirklia	3	6,0
	2 Låveskifte	3	5,8
	3 Kristineskifte	3	5,8
	10 Skifte 1	4	5,0
Lettleire	4 Sørhalla	1	5,8
	21 Andersskiftet 1,2,3	2	6,3
Siltig lettleire	16 Skifte 7	3	6,3
	19 skifte 10	3	5,6
	22 skifte 20	3	5,7
	22 skifte 22	3	5,7
Mellomleire	6 Vestmyra	3	5,9
	7 Klokkeråkere	2	5,8
	9 Austmyra	3	5,7
	18 Skifte 9	3	5,6
	22 Skifte 21	3	5,7
	24 Skifte 11	3	5,6
Mineralblanda moldjord	14 Skifte 6	5	5,2
Organisk jord	11 Skifte 2	7	4,6
	12 Skifte 3	7	4,8
	13 Skifte 4	7	5,2



Figur 1.1. Oversikt over jordarter og moldklassar på jordbruksarealet på Mære.

### 1.1.2 pH og næringsstoff

Jordprøvene er tatt i ulike år fram til 2018, og pH-verdiar er rekna ut på dei ulike skifta. pH- verdiane er usikre der jordprøvene er gamle, men generelt er pH litt låg (Tabell 1.2) . Tabell 2 viser optimale pH-verdiar for bygg etter jordart og moldinnhald (Eurofins). Dette er også gjeldande for grovfôrproduksjon. På skifte 1-3 er jordarten mellomsand og moldinnhaldet under 12. Optimal pH er her 5,8 og pH på skifta ligg innanfor dette. Skifte 10 har same jordart, men høgare moldinnhald, og optimal pH er her 5,6. Utrekna pH-verdi er her 5,0 og altfor låg. Store deler av arealet er leirjord med moldinnhald <12% som betyr optimal pH på 6,2. Mange skifter har litt låge pH-verdiar, men spesielt skifte 9, 24, 18, 19 og 22. På mineralblanda moldjord er optimal pH 5,8, medan pH på skifte 14 med denne jordarten er 5,2. På organisk jord er optimal pH 5,5. På skifta med denne jordarten ligg pH på Mære på 4,6-5,2.

Høgt innhald av leire og organisk materiale på mange av skifta gjer at jorda har stor bufferevne. Ein må gjerne opp i 120-150 kg kalk per daa for å heve pH med 0,1 eining. P-AL tala er høge med unntak av på organisk og mineralblanda moldjord og på skifte 22 og 24, og K-AL tala er middels til gode på alle skifte.

Tabell 1.2. Optimale pH-verdiar for bygg etter jordart og moldinnhald (Kjelde Eurofins)

Jordart	Humusinnhald			
	<12	12-20	20-40	>40
Sand	5,8	5,6		
Siltig sand og silt	6,0	5,8		
Leirjord	6,2	6,0		
Mineralblanda mold			5,8	
Organisk jord				5,5

### 1.1.3 Planteproduksjon

Totalt fulldyrka jordbruksareal på Mære er 1045 daa. I 2019 var det 451 daa eng, 75 daa gjenlegg, 90 daa bygg med gjenlegg, 120 daa bygg, 17 daa vårkveite, 162 daa grønfôr, 23 daa potet og 94 daa beite. I tillegg disponerer Mære 40-50 daa eige og 330 daa leigd innmarksbeite. Innmarksbeitet er inngjerda, men ikkje gjødsla. Skifte 21 og 22 (103 daa totalt) vart lagt om til økologisk drift i 1988, og fôret herifrå går til sauene. Fôr frå den konvensjonelle enga blir fordelt mellom mjølkeku og ammeku. Fulldyrka beite blir brukt til mjølkeku (skifte 4 og 7) og til hest (skifte 2). På innmarksbeitet går ungdyr av NRF, ammeku og sau. Om våren kjem eit stort antal kortnebbgås og beiter på enga. Gåsa gjer stor skade på førsteslåttsavlinga.

### 1.1.4 Vekstskifte

Det er brukt tre ulike vekstskifte etter jordart (Tabell 1.3). På den organiske jorda blir det dyrka berre eng som blir fornya kvart 3. til 4. engår ved gjenlegg i grønfôr. På grunn av beitinga av kortnebbgås varer ikkje enga lenger enn 3-4 år. På delar av mineraljorda er det eit vekstskifte med 3 år eng og 3 år korn, og på andre deler mineraljorda er vekstskiftet 2 år potet og 4 år med korn.

Tabell 1.3. Vekstskifte på Mære

Jord	1.år	2.år	3.år	4.år	5.år	6.år
Organisk jord	Gjenlegg i grønfôr	eng	eng	eng	eng	
Mineraljord	eng	eng	eng	korn	korn	korn
Mineraljord	potet	Potet	Korn	Korn	Korn	korn

### 1.1.5 Jordarbeiding, kalking og såmengder

Jordarbeiding skjer ved plying, slodding og harving. Det blir kalka med 500 kg kalk/daa kvart 7.-10. år. Til eng blir det brukt 3 kg/daa Spire surfôr pluss 10. Det blir direktesådd med 1,5 kg/daa fleirårig raigras kvar vår. Såmengder korn i kg/daa er 22 for havre, 23 for bygg og grønfôr og 24 for vårkveite.

### 1.1.6 Registrert gjødsling 2019

Tabell 1.4 viser gjødsling med husdyrgjødsel og mineralgjødsling for ulike vekstar i 2019, i følgje utførte gjødslingar notert i skifteplan. Det økologiske arealet får berre husdyrgjødsel. Husdyrgjødsla er ikkje jamt fordelt på arealet.

Tabell 1.4. Gjødsling ulike vekstar i 2019

Vekst	Skifte, tal daa	Husdyrgjødsl	Mineralgjødsl
<b>Bygg</b>	1 Kirklia, 43 daa 6 Vestmyra, 77 daa	Vår: 0 Vår: 5 tonn	40 kg Fullgjødsl 25-2-6 15 kg Opti NS 27-0-0 (4S)
<b>Bygg m gjenlegg</b>	18 Skifte 9, 67 daa	Vår: 6 tonn	10 kg Opti NS 27-0-0 (4S)
<b>Bygg øko m gjenlegg</b>	22 (Ø) Skifte 21, 23 daa	Vår: 6 tonn	0
<b>Vårkveite</b>	Skifte 2 Låveskifte, 17 daa		45 kg Fullgjødsl 25-2-6
<b>Grønfor</b>	4 Sørhalla (1), 40 daa	Vår: 3 tonn Etter 1. sl: 0 Etter 2.sl: 0	35 kg 22-3-10 30 kg Opti NS 27-0-0 (4S) 20 kg Opti NS 27-0-0 (4S)
	10 Skifte 1 , 63 daa	Vår: 5 tonn Etter.1. sl: 0	10 kg Opti NS 27-0-0 (4S) 20 kg Opti NS 27-0-0 (4S)
	13 Skifte 4, 38 daa	Vår: 6 tonn Etter 1. sl: 6 tonn	10 kg Opti NS 27-0-0 (4S) 0
<b>Grønfor øko</b>	22 (Ø) Skifte 20, 21daa	Etter 2.sl: 6 tonn Vår: 5 tonn Etter 1. sl: 5 tonn	0 0 0 0
<b>Potet</b>	14 Skifte 6, 23 daa	Vår: 4 tonn	50 + 30 kg Fullgjødsl 12-4-8 mikro
<b>Eng</b>	3 Kristineskifte, 25 daa	0	20+40 kg 22-3-10
	9 Austmyra, 96 daa 11 Skifte 2, 56 daa 16 Skifte 7, 84 daa 19 Skifte 10, 65 daa 24 Skifte 11, 79 daa	Vår: 5-6 tonn Etter 1. sl: 5-6 tonn Etter 2.sl: 5-6 tonn	20 kg Opti NS 27-0-0 (4S) 20 kg Opti NS 27-0-0 (4S)
<b>Eng øko</b>	21 (Ø)Andersskifte 1,2, 24 daa 22 (Ø)Skifte 22, 22 daa	Vår: 4 tonn Etter 1. sl: 4 tonn Vår: 6 tonn Etter 2.sl: 6 tonn	0 0 0 0
<b>Gjenlegg u dekkvekst</b>	12 Skifte 3, 46 daa	Vår: 6 tonn Etter 1. sl: 6 tonn	0 0
<b>Gjenlegg i korngrønfor</b>	15 Skifte 5, 29 daa	Vår: 6 tonn Etter 1. sl: 6 tonn	10 kg Opti NS 27-0-0 (4S)
<b>Fulldyrka beite</b>	2 Låveskifte 1, 26 daa 7 Klokkeåkere, 65 daa 23 Trekanten, 3,3 daa	0	30 kg 22-3-10 30 + 30 kg Fullgjødsl 22-3-10 + 20 kg OPTI-NS 27-0-0 (4S) 30 + 30 kg Fullgjødsl 22-3-10
<b>Innmarksbeite</b>	330 daa leige + 40-50 daa eige	Ikkje gjødsla	Ikkje gjødsla

## 1.1.7 Avlingar

Gjennomsnittsavlingar opplyst om på besøket var: eng 700 Fem/daa, fulldyrka beite 400 Fem/daa, bygg 450-500 kg/daa, kveite 500 kg/daa, havre 350-400 kg/daa, grønfôr 500 Fem/daa.

## 1.1.8 Opplysingar brukt i Nitrogenmodellen for husdyrgjødsel

### 1.1.8.1 Lagring av husdyrgjødsel

I mjølkekufjøset og grisejøset er det flyterenner. Grisejødsel blir først tappa til kjellar i ammekufjøset ved hjelp av vakuumsystem. Deretter blir grisejødsel og gjødsel frå ammekyr pumpa til utandørs lager utan tak (lagune). Gjødsel kjem inn i botnen på laguna. Gjødsel frå flyterenner i mjølkekufjøset blir også pumpa til lagune, men fylt frå toppen. Ny betongkum blir fylt frå laguna ein gang like etter nyttår og eit par gonger om sommaren. Total lagerkapasitet for flyterenner og gjødselkjellar er ca 1200 m<sup>3</sup>, lagune tek 5000 og ny betongkum 1500 m<sup>3</sup>. Total lagerkapasitet blir dermed 7700 m<sup>3</sup>. Dette er ofte for lite, og det blir leigd eit firma til å køyre vekk 1000 m<sup>3</sup>. NLR Trøndelag har rekna ut eit totalt lagerbehov på rundt 7200 m<sup>3</sup> ved 12 mnd lagring. Viss dette stemmer skal det vere rikeleg lagerkapasitet og ikkje nødvendig å køyre vekk gjødsel. Det er peika på at ei mulig årsak til dette er at det kjem vatn inn i laguna. Det kan også vere at utrekningane for mengde gjødsel ikkje stemmer heilt med mengdene i praksis. Det er til dømes rekna med 50 mjølkekyr og 1,86 m<sup>3</sup>/ku og mnd. Tal årskyr ligg no på 54. I ei undersøking gjort på Vestlandet er det funne at det er sannsynleg med gjødselmengder på over 2,1 m<sup>3</sup>/ku og mnd ved ein avdrott på rundt 9000 l. Det er og mulig at estimatet for vatn både i mjølkekufjøset og grisejøset er mindre enn det som skjer i praksis.

I tillegg til denne gjødsel kjem talle frå kalvane, fastgjødsel frå hestane og gjødsel frå den økologiske saueproduksjonen. Gjødsel herifrå blir ikkje blanda med anna gjødsel og blir berre brukt på økologisk areal. I saueføsen er det gjødselkjellar for blautgjødsel og strekkmetall.

### 1.1.8.2 Fordeling av gjødsel på ulike lagersystem

**Mjølkekyr** har 16 veker beiteperiode, men er berre ute halve døgnet så i praksis blir det 8 veker. Andel gjødsel som blir **lagt på beite er estimert til 16%**. I husdyrrom er det rekna med **100% spaltegolv**. All gjødsel er blautgjødsel fordelt med **10% på gjødselkjellar med spaltegolv** (flyterenner) og **90% på utandørs lager**. Sjølv om det dannar seg skorpe på lagunen er det rekna at gjødsel i utandørs lager er lagra **utan dekke**. Dette er fordi utsleppsfaktoren for metan då stemmer betre med det som skjer i praksis. Det er mulig vi får ei overestimering av ammoniakktap og underestimering av lystgasstap ved å rekne på denne måten. Det blir ikkje danna skorpe på gjødsel i betongkummen, sannsynlegvis fordi det blir tappa frå botnen av laguna slik at tørrstoffprosenten er låg. Det blir ikkje skorpe på husdyrgjødsel med tørrstoff <1%.

**Ammeku** er på beite i 16 veker og det er estimert at andel **gjødsel lagt på beite er 31%**.

I husdyrrom er det rekna med **100% spaltegolv**. All gjødsel er blautgjødsel fordelt med **50% på gjødselkjellar med spaltegolv og 50% på kum** utan dekke. Gjødsel blir pumpa frå gjødselkjellar over i lagune.

**Ungdyr** omfattar både ungdyr frå mjølkeku og ungdyr frå ammeku. Beitetid er 16 veker og mengde gjødsel lagt på **beite 31 %**. Kalvane i mjølkekufjøsen går på talle i ca 4 mnd. Det er usikkert kor stor del dette, men har rekna med **10% talle og 90% blautgjødsel**. Sidan ein del av ungdya er frå ammeku er det rekna med at **50% av blautgjødsel er lagra i gjødselkjellar med spaltegolv og 50 % i utandørs kum** utan dekke.

For **gris** er det rekna med **20% fast dekke og 80% spaltegolv** i husdyrrommet utifrå kvar grisen legg frå seg gjødsel. Det er 100% blautgjødsel. Det er vakuumpumpgjødsling med 60 cm djupe renner under spaltegolvet. Tapping til gjødselkjellar i ammekufjøset kvar veke (sommar) til kvar 14. dag (vinter) hos slaktegris og kvar 14. dag (sommar) til kvar månad (vinter) hos smågris. Hyppigare tapping om

sommaren fordi det blir brukt meir vatn til avkjøling gjennom dyser i taket. Det er rekna at **50% av gjødsla blir lagra i gjødselkjellar med spaltegolv og 50% i utandørs lager utan dekke.**

For **sau** er det rekna med **44% beite for sau over 1 år** utifrå oppgitt beiteperiode på 160 dagar. For sau **under 1 år er det rekna med 85% beite**, som er det same som blir brukt i utrekningane på landsbasis. Sauefjøsene har gjødselkjellar og sauene går på strekkmetall og har liggeareal. Det er rekna med **100% blautgjødsla og open forbindelse** (same faktor som spaltegolv) mellom husdyrrom og fjøs.

For **hest** er det rekna med **50% beite**. Hestegjødsla blir lagra som **fastgjødsla med bruk av mykje sagflis og lagra ute.**

#### 1.1.8.3 Spreiing av gjødsla

Gjødsla i utandørs lager har tørrstoffprosent på 4-4,5%. Det er dermed rekna med at **all blautgjødsla har 1 del eller meir vatn tilsett. 70% av gjødsla brukt på eng og 30% brukt på åker.**

På besøket vart det oppgitt at all eng blir gjødsla vår og sommar og halvparten av enga gjødsla om hausten. Av mengder på **eng: 60% vår, 30% sommar, 10% haust**. For **åker** er det oppgitt at **100%** av husdyrgjødsla blir gitt om **våren**. Det kan av og til vere litt haustspreiing med nedmolding, men det er ikkje lagt inn i modellen. I tillegg til blautgjødsla blir fastgjødsla frå kalvar på talle og hestemøkk spreidd med tørrgjødslspreiar på åkerareal. **Nedmolding** av all gjødsla på åker skjer **innan 4-12 timar**. Gjødsla blir spreidd etter pløying og bli nedmolda ved harving.

På åkerareal og mesteparten av engarealet blir blautgjødsla spreidd med stripespreiar. På noko av engarealet blir det brukt tankvogn **utan stripespreiing**. Det er estimert at dette utgjer ca **20% av gjødsla spreidd på eng.**

På besøket vart det peika på at fastgjødsla og talle gjerne ikkje vart utnytta på ein god nok måte. Det same gjaldt for organisk avfall, som fôrrestar og avfall frå veksthusproduksjon.

#### 1.1.8.4 Dyretal og nitrogenmengde i gjødsla

Tabell 1.5 viser dyretal og mengde nitrogen produsert per år for dei ulike dyreslaga etter standardtal brukt i N-modellen. Kvige til påsett, kvige og okse til slakt omfattar både melkeku og ammeku. Dette er ikkje talet kviger til påsett i dag, men eit estimert tal utifrå kva som er rimeleg. I utrekningane for å få mengde nitrogen er det tatt omsyn til slaktealder m.m. slik at ein får total mengde nitrogen per år for ulike dyreslag. Dette er eit estimat for mengde nitrogen. I realiteten vil mengda variere med mange ulike forhold, særleg proteininnhald i fôr. Total produksjon av nitrogen er 24 tonn tot-N/år. Ein del av nitrogenet kjem i gjødsla som blir lagt på beite og ein sit igjen med rundt 20 000 kg tot-N/år som blir går gjennom gjødsla behandlingssystemet. Ser ein på gjødsla frå storfe og gris (som går til lagune), brukar normtal for N-innhald, korrigerer for TS% stemmer det ganske bra med ein total gjødsla produksjon inkludert vatn på 7-8000 m<sup>3</sup> per år.

Tabell 1.5. Tal husdyr og estimert mengde N per år for ulike dyreslag på beite og i husdyrgjødsellager

Dyreslag	Tal dyr	Total N i gjødsla tonn N per år	Tot-N beite tonn N per år	Tot-N lager tonn N per år
Melkeku	54	6,9	1,1	6,1
Ammeku	28	2,6	0,8	1,8
Kvige til påsett	40	3,5		
Kvige til slakt	4	0,3	1,2	3,0
Okse til slakt	6	0,4		
Purke	60	1,5		
Råne	2	0,05		
Smågris	2 300	3,2	0	8,7
Slaktegris	1 200	3,8		
Unggris til avl	14	0,1		
Hest	13	0,7	0,3	0,3
Sau over ett år	30	0,3		
Sau under et år	30	0,2	0,4	0,2
Totalt		<b>24</b>	<b>4</b>	<b>20</b>

## 1.2 Utslepp frå dagens produksjon

### 1.2.1 Modellar brukt for å estimere utslepp

Estimering av klimagassutslepp frå jordbruksareal og husdyrgjødsel er i hovudsak avgrensa til å gjelde utslepp under jordbrukssektoren og omfattar lystgass ( $N_2O$ ) og metan ( $CH_4$ ). N-modellen for husdyrgjødsel (Carbon Limits 2020a) er brukt for å estimere direkte og indirekte utslepp av lystgass frå husdyrgjødsel. Total nitrogenmengde i husdyrgjødsel blir rekna ut frå dyretal og standard tal for N-innhald i gjødsla per dyr og år (Tabell 1.5). Utslepp på beite, i fjøs, frå lager og spreining blir rekna ut etter beitetid, type fjøs (open eller tett forbindelse til lager), type lager og spreiemetode. Modellen er brukt i den norske utsleppsrekneskapen for klimagassutslepp (NIR 2020). Modellen kan brukast til å estimere effekt av å endre på praksis når det gjeld handtering av husdyrgjødsel, inkludert behandling av husdyrgjødsel i biogassanlegg. Metanmodellen for husdyrgjødsel (Carbon Limits 2020b) er brukt til å estimere metanutslepp frå lager. Modellen er bygd opp på same måte som N-modellen og kan brukast til å estimere effekt av ulike tiltak. Den er spesielt tilrettelagt for å rekne på effekten av å behandle gjødsla i biogassanlegg. Direkte og indirekte utslepp frå mineralgjødsla er rekna ut på same måte som i den nasjonale utsleppsrekneskapen.

### 1.2.2 Utslepp frå husdyrgjødsel

Totalt lystgassutslepp frå husdyrgjødsla på Mære er estimert til **0,57 tonn  $N_2O$  per år**. Dette omfattar både direkte utslepp frå lager, gjødsling og gjødsla lagt på beite og indirekte utslepp som følge av tap av nitrogen til luft og vatn. Sidan ammoniakktapet frå husdyrgjødsel er såpass stort at det kan påverke bruken av nitrogen frå mineralgjødsla er dette oppgitt. Totalt ammoniakktap frå husdyrgjødsla på Mære er estimert til rundt **6 tonn  $NH_3$  per år**. Totalt metanutslepp frå husdyrgjødsla er estimert til **6,41 tonn  $CH_4$  per år**. Til saman blir dei totale klimagassutsleppa frå husdyrgjødsla rekna til **328 tonn  $CO_2$ -ekvivalentar per år** (Tabell 1.6).

Tabell 1.6. Estimerte utslepp frå husdyrgjødsel ved dagens produksjon på Mære (tonn per år)

	Husdyrrom og lager					Gjødsling jordbruksareal	Beitedyr	Totalt	CO <sub>2</sub> e
	Tonn per år								
	Mjølkeku	Andre storfe	Sau	Gris	Hest				
NH <sub>3</sub>	1,28	0,93	0,04	1,55	0,07	1,77	0,34	5,97	
N <sub>2</sub> O Direkte utslepp	0,003	0,014	0,001	0,02	0,003	0,27	0,11	0,42	124
N <sub>2</sub> O Indirekte utslepp	0,05					0,08	0,02	0,15	44
CH <sub>4</sub>	1,69	1,61	0,05	2,99	0,04		0,04	6,41	160
<b>Totale utslepp N<sub>2</sub>O og CH<sub>4</sub> frå husdyrgjødsel</b>									<b>328</b>

### 1.2.3 Mineralgjødsel

I 2019 vart det brukt 34,9 tonn mineralgjødsel med 8,9 tonn nitrogen totalt fordelt på ca 940 daa (9,5 kg/daa i gjennomsnitt). Direkte utslepp av lystgass frå mineralgjødsel er rekna til 0,14 tonn N<sub>2</sub>O per år og indirekte utslepp som følge av N-tap til luft og vatn til 0,035 tonn N<sub>2</sub>O per år. Totale lystgassutslepp frå mineralgjødsel-N blir 0,17 tonn N<sub>2</sub>O, omrekna til rundt 52 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalantar per år (Tabell 1.7).

Tabell 1.7. Estimert utslepp frå mineralgjødsel ved dagens produksjon på Mære (tonn/år)

	Mengde gjødsel	Mengde N	N <sub>2</sub> O Direkte	N <sub>2</sub> O Indirekte	N <sub>2</sub> O totalt	Tonn CO <sub>2</sub> e
Tonn per år						
Fullgjødsel 25-2-6	2,5	0,6	0,01	0,002	0,01	3,7
Fullgjødsel 22-3-10	7,7	1,7	0,03	0,007	0,03	9,9
Opti NS	23	6,2	0,10	0,024	0,12	36,3
Fullgjødsel 22-4-18	1,8	0,4	0,01	0,002	0,01	2,3
<b>Totalt</b>	<b>34,9</b>	<b>8,9</b>	<b>0,14</b>	<b>0,035</b>	<b>0,17</b>	<b>52</b>

Totale utslepp av metan og lystgass frå husdyrgjødsel og mineralgjødsel er rekna til **380 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalantar per år**.

## 1.3 Tiltak for å redusere klimagassutsleppa

### 1.3.1 Miljøvennleg spreiemetode

Ved å bruke miljøvennlege spreiemetodar reduserer ein ammoniakktapet og dermed indirekte lystgassutslepp frå husdyrgjødsel. Det fører også til redusert behov for tilføring av mineralgjødsel-nitrogen. På Mære blir all blautgjødsel på åker og 80 % på eng spreidd med stripespreiar. Vi har rekna på kva det vil bety å gå frå **80 til 100% stripespreiing på eng**. Tabell 1.8 viser at reduksjonen i **ammoniakktap vil bli på ca. 130 kg** og behovet for mineralgjødsel-N på ca. 100 kg per år. Effekten

på utslepp frå husdyrgjødsel er estimert til 0,49 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. Direkte og indirekte utslepp av lystgass frå redusert bruk av mineralgjødsla er rekna å utgjere 0,64 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. Den totale effekten av å auke frå 80 til 100% stripespreiing på eng blir dermed **1,12 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar** per år.

Tabell 1.8. Estimert effekt av å auke andel stripespreiing av husdyrgjødsel på eng frå 80 til 100% (tonn/år) med og utan effekt av redusert mengde mineralgjødsl-N.

	Utslepp 80% stripespreiing	Utslepp 100% stripespreiing	Effekt	Behov N	Effekt inkludert redusert gjødsling mineralgjødsl-N
<i>Tonn per år</i>					
NH <sub>3</sub>	5,974	5,842	-0,132		
N				-0,108	
N <sub>2</sub> O	0,561	0,559	-0,002	-0,002	-0,19
CO <sub>2</sub> e			<b>-0,49</b>	<b>-0,64</b>	<b>-1,12</b>

Den delen av enga som det ikkje blir brukt stripespreiing på er der ein er avhengig av å bruke tankvogn. Det er såpass liten effekt på utslepp av klimagassar at det sannsynlegvis ikkje er lønnsamt å investere i stripespreiingsutstyr for tankvogn. Det er interessant å rekne på effekten av **dagens spreiesystem på Mære i forhold til om det berre var brukt breispreiing**. Tabell 1.9 syner at ein sparer **1,5 tonn ammoniakk**, noko som fører til eit redusert behov for mineralgjødsl-N på 1,2 tonn. Effekten av reduserte utslepp frå husdyrgjødsel er estimert til 5,8 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar og effekten av redusert behov for N-gjødsel til 7,3 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. Den totale effekten blir i overkant av **13 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar** per år.

Tabell 1.9. Estimert effekt av dagens spreiesystem for husdyrgjødsel på Mære i forhold til 100% breispreiing (tonn/år) med og utan effekt av redusert mengde mineralgjødsl-N

	Utslepp 100% breispreiing	Utslepp 80% stripespreiing	Effekt	Behov N	Effekt inkludert redusert gjødsling mineralgjødsl-N
<i>Tonn per år</i>					
NH <sub>3</sub>	7,483	5,974	-1,509		
N				-1,243	
N <sub>2</sub> O	0,581	0,561	-0,020	-0,024	-0,044
CO <sub>2</sub> e			<b>-5,8</b>	<b>-7,3</b>	<b>-13,1</b>

### 1.3.2 Tett tak på utandørs lager

Husdyrgjødsel som er lagra i lagune og gjødslkum har ikkje tak. Som nemnt tidlegare er det observert skorpe på laguna, men ikkje på betongkum pga lågt tørrestoffinnhald i gjødsla. I dei første utrekningane rekna vi med naturleg flytedekke på utandørs lagring på grunn av skorpe. I N-modellen reduserer dette tapet av ammoniakk med 40% i forhold til utan skorpe, medan tett tak gjev 80% reduksjon. Tett tak som tiltak gav i utrekninga auka totale klimagassutslepp fordi ein reknar med auka direkte utslepp av lystgass på grunn av tjukkare skorpe, og denne auken var større enn dei reduserte ammoniakktapa sin klimaeffekt. Ei tjukkare skorpe vil redusere metanutsleppet, men dette er ikkje endå tatt omsyn til i metan-modellen. Vi valde derfor å rekne med at all gjødsl i utandørs lager i utgangspunktet ikkje har

noko dekke. Det er dermed mulig at utslepp av ammoniakk og metan er overestimert og lystgassutsleppet underestimert for dagens utslepp på Mære. Tabell 1.10 syner at estimert effekt av tak er redusert **ammoniakk tap på 938 kg/år** som fører til ein reduksjon i behov for **mineralgjødsele-N på 772 kg/år**. Lystgassutsleppet aukar, men metanutsleppet minkar slik at total effekt av tiltaket er estimert til **6,7 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar** per år. Det er grunn til å merke seg at dette er svært usikre tal.

Tabell 1.10. Estimert effekt av tett tak på husdyrgjødsellager på utslepp av NH<sub>3</sub>, N<sub>2</sub>O og CH<sub>4</sub> med og utan effekt av redusert mengde mineralgjødsele-N

	Után tak	Med tak	Effekt av tak	Behov N	Effekt inkludert redusert gjødsele mineralgjødsele-N
	<i>tonn per år</i>				
NH <sub>3</sub>	5,974	5,036	-0,938		
N				-0,772	
N <sub>2</sub> O	0,561	0,629	0,068	-0,015	0,053
CH <sub>4</sub>	6,37	5,48	-0,89		
CO <sub>2</sub> e			<b>-2,14</b>	<b>-4,52</b>	<b>-6,7</b>

### 1.3.3 Biogass

Behandling av husdyrgjødsle i biogassanlegg vil ha effekt på både utslepp av metan, ammoniakk og lystgass. Det er rekna på effekten av å behandle all blautgjødsele i biogassanlegg. Nitrogenmodellen estimerer redusert utslepp av ammoniakk på 793 kg NH<sub>3</sub> per år som gir eit redusert behov for mineralgjødsele-N på 653 kg. Redusert lystgassutslepp ved behandling i biogassanlegg er rekna til 9 kg N<sub>2</sub>O per år. Metanmodellen estimerer ein reduksjon på 3 tonn CH<sub>4</sub> ved behandling i biogassanlegg. Totalt for lystgass og metan blir reduksjonen på 78 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. Legg ein til effekten av å redusere gjødselelinga med mineralgjødsele-N blir reduksjon 82 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar (Tabell 1.11). I tillegg til dette kjem eventuell substitusjonseffekt av å byte ut fossil brensel med biogass. På grunn av forhold nemnt i kapittel 3.2 er også den utrekna effekten av behandling i biogassanlegg usikker.

Tabell 1.11. Estimert effekt av behandling av all blautgjødsele i biogassanlegg på utslepp av NH<sub>3</sub>, N<sub>2</sub>O og CH<sub>4</sub> med og utan effekt av redusert mengde mineralgjødsele-N

	Után biogass	Med biogass	Effekt av biogass	Behov N	Effekt inkludert redusert gjødsele mineralgjødsele-N
	<i>tonn per år</i>				
NH <sub>3</sub>	5,974	5,180	-0,793		
N				-0,653	
N <sub>2</sub> O	0,561	0,552	-0,009	-0,013	-0,022
CH <sub>4</sub>	6,37	3,36	-3,01		
CO <sub>2</sub> e			<b>-78,1</b>	<b>-3,8</b>	<b>-82</b>

I bioresten vil ein større del av nitrogenet vere lettløseleg i form av ammonium og ein mindre del organisk. Ein kan tenke seg at meir nitrogen er plantetilgjengeleg og at ein dermed kan spare mineralgjødsele-N. Problemet er at dess meir ammonium dess meir utsett er ein for tap av ammoniakk

frå husdyrgjødsel. Biorest har dessutan høgare pH enn ubehandla husdyrgjødsel, noko som også aukar faren for ammoniakktap. Forsøk har vist at utnyttinga av nitrogenet i biorest kan auke i forhold til i ubehandla gjødsel dersom ein moldar ned gjødsla med ein gang eller brukar nedfelling (Nyord et al. 2012). Ved breispreiing og stripespreiing har ein ikkje fått denne effekten. Det blir ikkje danna skorpe på biorest, så lagring av biorest etter behandling i biogassanlegg må gjerast med tett tak.

### 1.3.4 Auka beiting

Dersom meir gjødsel blir lagt på beite blir ammoniakk- og metanutsleppet frå husdyrgjødsel redusert. Det direkte lystgassutsleppet frå gjødsla vil derimot auke, slik dette blir utrekna i dag. Det direkte lystgassutsleppet frå N i gjødsel frå storfe på beite har i dag ein høgare utsleppsfaktor (2%) enn frå N i gjødsel spreidd på jordbruksareal (1%). Ei auke i beitetida for mjølkeku gjev dermed auka klimagassutslepp totalt sett. I nye retningslinjer for utrekning av klimagassutslepp (IPCC 2019) er utsleppsfaktoren lik for lystgassutslepp frå gjødsel på beite og ved gjødsling av jordbruksareal, og auka beiting vil få positiv effekt. Dersom ein berre tek omsyn til metanutsleppet frå husdyrgjødsel betyr ei auka beitetid for mjølkeku frå 16 til 30% **0,28 tonn CH<sub>4</sub> eller 7 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar** per år.

Det er usikkert om auka beitetid for mjølkeku er praktisk mogleg å få til i kombinasjon med mjølkerobot. Korleis auka beiting påverkar klimagassutsleppet i praksis er også avhengig av beiteforholda (dyretettleik, jord- og klimaforhold, gjødsling m.m.). Beiting vil også påverke utslepp av metan frå fordøyelsen til dyra (enterisk metan) og karbonbalansen i jord. Dersom grovfôr eller kraftfôr blir erstatta av utmarksbeite eller ugjødsla innmarksbeite utan at tilveksten går ned vil det ha positivt effekt på klimagassutsleppa. Total effekt av auka beiting er vanskeleg å estimere.

### 1.3.5 Proteinfôring

